

Kort oppsummering rundt Polenturen

Det som kjem fram tydeleg:

- Det er viktig at Polenturen blir diskutert, opplevast som problematisk, mange dårlege opplevingar rundt samarbeidet/samtalar, sterke meiningar for og imot, mange opplever ei aggressiv stemning, truslar.
- Det er mange som vil ha endringar/alternativ/andre løysingar.
- Det ser ut til å vere ganske stor einigheit at det er viktig med ein tur som har fokus på historia og det sosiale.
- Det er mange som ynskjer ein kortare tur (i tid og avstand), ein billigare tur, ein tur som er enklare å gjennomføre.
- Det er eit ynskje om at alle skal kunne vere med på turen, uansett forutsetningar.

I ei anonym undersøking rund **Polenturen** gjennomført av skulen svarer (*punkt 1*):

- 27 at dei vil **fortsette** med Polenturen slik den er no,
- 30 at dei vil **avvikle** Polenturen
- 12 at dei vil ha ein tur, men på ein **annan måte**.

27 svarer altså at dei vil ha det slik det er no, og 42 svarer at dei vil ha ei endring.

Grunner som er nemnt for at Polenturen **skal gjennomførast** er (*punkt 1, 4, 5, 6 og 8*):

- Den er lærerik, samfunnsoppdrag, haldningsskapande, demokratifremjande, historisk tilknytning, krigs- og etterkrigshistorie her, viktig for kommande generasjonar, aktuelt innhald, repetere budskapet, sjå kor gale ting kan gå, styrker klassemiljø / samhald, oppleving av andre kulturar, språk, sjølvstendigheit, moro, vere saman, gode minner.

Grunner som er nemnt for at Polenturen **skal endrast eller avviklast** er:

- Gratisprinsippet, prisauke dei siste åra, ikkje gjennomførleg finansielt, ikkje gjennomførleg med dugnad, for vanskeleg med konfirmasjon, klassefest og Polentur same år, ekskluderande for mange (ikkje alle kan vere med av ulike grunner: spesielle utfordringar, sosiale utfordringar, utfordringar i klassemiljøet, familiesituasjon,

funksjonsnedsetting, helse, etisk bakgrunn); øydelegg foreldre- og klassemiljøet, mykje press, uro i Europa, dei er for unge.

Når det gjeld finansiering gjennom **dugnad** svarer (punkt 2 og 8):

- 28 at det er **greitt** som det er no
- 23 ynskjer ei **endring**
- 23 opplever at det **ikkje er gjennomførleg** med dugnad.

28 svarer altså at det fungerer fint, 46 vi ha ei endring.

Det som er **positivt** med dugnad i denne samanhengen er: Bra for klassemiljøet, læring, kultur.

Det som er **negativt** med dugnad i denne samanhengen er: Greitt med dugnader men ikkje greitt for store beløp sånn som her, skapar mykje uro i gruppa /gnissingar/uglesett, ikkje mogleg for alle av ulike årsaker, spesielt med fleire barn på skulen.

Det som kjem fram ganske tydeleg er at **samarbeidet** rundt Polenturen (dugnaden, organiseringa, samtaler rundt ei planlagt Polentur, samtaler rund alternativ) er krevjande og skapar ein del **sterke utfordringar for foreldregruppa** - og dermed mest sannsynlegvis også barna (punkt 3 og 5):

- 12 Ingen erfaring
- 16 synest det fungerer **greitt** eller stort sett positiv
- 12 har **blanda** erfaringar i ulike klasser
- 14 svarer frå **vanskeleg til forferdeleg**.

Positive opplevingar: Engasjement, bra samarbeid, få utfordringar.

Negative opplevingar: Splitta foreldregruppe, truslar, utskjelling skrifteleg og verbalt, trusselbrev, uglesett, uhyggelege meldingar, polariserande, ekstremt for eller imot, nåde den som har ei anna meining enn å vere for, skapar dårlege relasjonar, aggressiv stemning blant føresette

Løysingar og alternativer som er nemt er (punkt 1, 5, 6, 7 og 8):

- Nokon ynskjer berre Polenturen i **akkurat den forma** den har i dag, ser ingen alternativ, nokon meiner at barna har sterke forventningar om akkurat denne turen.

- Andre meiner at **ein tur** er viktig, men at det ikkje er viktig kor lenge den varer og kor den skal, og at barna har forventningar om at det blir ein tur ein eller annan stad.
- Nokon meiner at **barna sine forventningar ikkje bør avgjere** korleis turen blir, at dei vaksne skapar ulike forventningar, og at **2/3 av barna gler seg** til turen.
- Dei fleste meiner at det er ein **viktig tematikk**, at det er viktig med **historisk fokus** og med ei felles oppleving (sosial utbytte).
- Ynskje om ei **kortare** og **rimelegare** tur med **same tema**, ein fin og innhaldsrik avslutning som alle kan vere med på, fokus på andre verdskrig, holocaust, demokrati.
- Ynskje om at alt skjer i regi av **skulen** ikkje føresette, og at **kommunen** aukar støtta betydeleg.
- Mange nemner reisemål i **Norge/Norden/Europa** med same tema/fokus:
 - Oslo fredssenter, regjeringskvartal, Roseslottet i Oslo, Rjukan, sabotørstien, 22. juli, Utøya, Narvik, historiske stader, lokal krigshistorie, Tromsø m. fl.
 - Norden, Danmark, Sverige, berre Tyskland, berre Polen, Kroatia m. fl.
 - **Uteliv** i seg sjølv eller blanda med historie/demokrati; Hardangervidda på tvers, telt, hytte, lavvo, nærleiken, grilling, zipline, fiske, bade, bål, leirskule med museum m.fl.
- Nokon ynskjer ingen tur.
- Det kjem fram ynskjer om ein tur med **tydelege rammer**, i **skulens** regi/styrt av skulen, skulen skal stå for programmet, ikkje foreldrestyrt, mindre press på at ein forelder må vere med, kortare, billigare, **kommunen** aukar støtta betydeleg, synd at pengane er låst til Polen, vil sjå kva andre skuler gjer, vil ha eit ferdig og utprøvd program, gratisprinsippet nemnes fleire gonger.
- Dei fleste meiner at det er viktig med ein avslutningstur.
- Mange nemner at det er viktig at den skal **inkludere alle**, at alle kan vere med, uansett forutsetningar.